

MØTEBOK

| | |
|-----------------|--|
| Organ | Kontrollutvalet |
| Møtestad | Fylkeshuset, Hermansverk, møterom Skåla |
| Møtedato | 22.11.2016 |
| Kl. | 09:00 – 15:45 |

Faste medlemmer til stades:

Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Lise-May Sæle

Forfall til møtet:

Jorunn Ringstad

Varamedlemmer til stades:

Frode Bøthun (gjekk inn som medlem i møtet)

Til stades med møte- og talerett:

Fylkeskommunen: Assisterende fylkesdirektør opplæring Tor-Einar Holvik Skinlo (sak 49/16, pkt.1 og 3 og sak 54/16), Løn- og rekneskapssjef Alvhild Orvedal (sak 50/16), Innkjøpssjef Katrine Røkke Wilson (sak 48/16)

SF revisjon IKS: Marianne Vara (sak 49/16 pkt.2, sak 50/16 og sak 51/16)

Deloitte AS: Frode Løvlie (sak 49/16 pkt.1 og 3, sak 54/16 og sak 57/16)

Sekretariat for møtet:


Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes at sak nr. 48/16 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2, (Handsaming av anbudsdokument med utsatt innsyn OFL § 5)

Møtebok frå 7. oktober 2016 vart godkjend utan merknader.


Frank Willy Djuvik
Odd Atle Stegegjerdet
Lise-May Sæle
Frode Bøthun
Klaus Iversen

SAK 48/16 Anbud 2016 - Rammeavtale forvaltningsrevisjon 2017 - 2019 - val av leverandør

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Ut frå vurdering av tildelingkriteria vel fylkestinget å inngå rammeavtale med for leveranse av forvaltningsrevisjon for perioden 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for Sogn og Fjordane fylkeskommune til å forlengje avtalen med to år.

Endringsframlegg som kom fram i møtet:

Nytt pkt. 1

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår rammeavtale med Deloitte AS for leveranse av forvaltningsrevisjon for perioden 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for Sogn og Fjordane fylkeskommune til å forlengje avtalen med to år.

Avrøysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår rammeavtale med Deloitte AS for leveranse av forvaltningsrevisjon for perioden 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for Sogn og Fjordane fylkeskommune til å forlengje avtalen med to år.

SAK 49/16 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 22. november 2016

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS
 1. Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Deloitte orienterte om framdrifta i prosjektet. Det har vore utfordringar med å få inn svar frå kommunane, men rapporten er no klar til å bli sendt til verifisering 1. desember. Rapport skal verte ferdig innan 24. januar 2017. Orienteringa vart teken til vitande.

2. Plan for finansiell revisjon v/SF revisjon IKS

Marianne Vara orienterte kontrollutvalet om plan for finansiell revisjon. I orienteringa kom revisor inn på kva som vert gjort i den finansielle revisjon, og kva utvalet kan bestille som ekstraleveransar. Dette resulterte i følgjande vedtak

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om orientering ang. utvikling av sjukefråvær og fylkeskommunen sitt system/rutinar for oppfølging.*
2. *Kontrollutvalet bestiller stikkprøvekontroll av innkjøp i forhold til Lov om offentlege anskaffingar.*

3. Felles nasjonalt tilsyn 2014 – 2017; notat frå Fylkesdirektøren for opplæring til hovudutvalet for opplæring

Notatet og orienteringa frå assisterande fylkesdirektør for opplæring vart teken til vitande.

4. Orientering frå leiar og kontrollsjef

1. *Kontrollsjef orienterte om representantskapsmøte i SF revisjon 21. oktober.*
2. *Utvalet fekk informasjon om kontrollutvalskonferansen 1. – 2. februar 2017. Utvalsmedlemmane sender tilbakemelding til kontrollsjef om deltaking på denne konferansen evt. FKT sin fagkonferanse 7. – 8. juni.*
3. *Leiar i utvalet og kontrollsjef orienterte utvalet etter deltaking på kurs om nytt regelverk for Lov om offentlege anskaffingar.*
4. *Leiar i utvalet orienterte om generalforsamling i F1 Holding 11. november.*
5. *Leiar i utvalet tok opp «Eigarskapsak SFE AS». Kontrollutvalet ber om å bli løpande orientert om det som skjer i saka.*
6. *Leiar i utvalet får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å vurdere neste forvaltningsrevisjonsprosjekt som skal bestillast.*
7. *Leiar i utvalet orienterte om personalmessig ansvar og oppgåver som ligg til utvalet.*

Orienteringane vart tekne til vitande.

SAK 50/16 Revisorbrev 2016 - svar frå fylkesrådmannen

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek svarbrev frå fylkesrådmannen til revisorbrev 03-2016 til vitande.
2. Vidare oppfølging av det som er påpeikt i brevet vert gjort i samband med revisjon av årsrekneskapen 2016.
3. Oppfølging av revisorbrev 03-2016 er fullført.

SAK 51/16 Engasjementsbrev 2016 - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Engasjementsbrev frå SF revisjon IKS datert 08.11.2016 vert teke til vitande

SAK 52/16 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2016 - SF revisjon IKS

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune» frå SF revisjon IKS til etterretning.

SAK 53/16 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2016 - Deloitte AS

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek vurderinga av oppdragsansvarleg revisor frå Deloitte AS til etterretning.

SAK 54/16 Forvaltningsrevisjon - Læringsmiljø og PP-tenesta - oppfølging av vedtak september 2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Rapport frå fylkesrådmannen datert 1. september 2016 vert teken til vitande
2. Oppfølging av forvaltningsrevisjon Læringsmiljø og PP-tenesta vert vurdert som ferdig.

SAK 55/16 Møteplan kontrollutvalet 2017

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Møteplan for kontrollutvalet 2017:

| | |
|---------|---------------|
| Tysdag | 7. februar |
| Tysdag | 28. mars |
| Torsdag | 11. mai |
| Tysdag | 30. mai |
| Tysdag | 29. august |
| Tysdag | 26. september |
| Tysdag | 21. november |

SAK 56/16 Oppfølgingsliste 7-2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 7-2016 vert teken til vitande

SAK 57/16 Forvaltningsrevisjon - Arkiv og offentlegheit - Bestilling

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Arkiv og offentlegheit» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling
 2. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen som er framlagd etter vurdering av innhaldet i planen
-